

103696

# DAG OG TID

Nov 42 15.10.87

## Politi-unnatak i rettsoppgjeret



● I det norske landssvikoppgjeret heitte det seg at NS-medlemskap var straffbart. Politifolka blei det store unnataket. Om det var på grunn av særst stor forståing for det presset politiet hadde vore utsett for, eller om det kom av at politiet som einaste yrkesgruppe fekk høve til å granske, for-dømme eller frikjenne seg sjølve og sine, er ikkje lett å svare på. Truleg har begge tilhøva spelt inn, meiner historikaren Nils J. Ringdal, som har skrive boka «Mellom barken og veden» — om politiets stilling under krigen.

I 1945 blei 2200 av ialt vel 4500 norske politifolk suspendert og granska for NS-medlemskap. Om lag halvparten blei tatt inn i teneste att. Resten slapp med påtaleunnlatning — eller milde fengselsstraffer.

● Sjølv om nær halvparten av dei norske politifolka melde seg inn i Nasjonal Samling under den tyske okkupasjonen, spelte dette ikkje noka avgjerande rolle når det gjeld politietats omfattande samarbeid med okkupasjonsmakta. Dei færraste politifolka var overtydde NS-medlemmer, men mange melde seg inn på grunn av press frå leiinga og av frykt for å miste jobben. Når politiet så ofte opptådde som lojale samarbeidspartnere for dei tyske okkupantane, har det også andre årsaker. M.a. var den norske politietaten særst tysk-venleg allereie på 1930-talet.

MIDTEN